

Medlemsmøte Visit Voss 5. mars 2025

Stad: Voss turistinformasjon

REFERAT

Sak 1: *Orientering frå administrasjonen; ny kampanjemodell, slik kan medlemsbedriftene kople seg direkte på digitale kampanjar Visit Voss køyrer.*

Innlegg ved Benedicte Kragh, [meir informasjon finn de her](#).

Sak 2: Frå Seefood TV, produksjonsselskapet til Kompani Lauritzen kom produsentane Inga Lund Bjørnsen og Nils Peder Sand. Dei gav møtelyden eit innblikk i korleis innspelinga av Tropp og Kompani Lauritzen foregår, kvifor Kompani og Tropp innspelinga hamna på Voss, korleis dei jobbar med deltakarane og kva verdiar dei jobbar utifrå.

Sak 3: Orientering frå administrasjonen; Motimate, presentasjon av nytt digitalt vossavertskapskurs for alle tilsette i medlemsbedrifter i Visit Voss.

For å gi alle tilsette i medlemsbedriftene våre den beste verktøykassa for å skape gode gjesteopplevingar, har Visit Voss utvikla eit fleksibelt og inspirerende digitalt kurs. Tidlegare har Visit Voss hatt fysiske vertskapskurs, men erfaringar er at det kan vere utfordrande å finne tid til slike samlingar. Difor har Visit Voss no laga ei digital løysing som gjer det enklare enn nokon gong å gjennomføre! Heile kurset er inndelt i 8 modular med ulike tema, og kvar modul tek maks 15 min å fullføra. Motimate er tilgjengeleg på pc via lenke som du får etter registrering, og som ein app.

Kurset er gratis for tilsette i medlemsbedriftene i Visit Voss. Registrer deg enkelt [her](#) og start når det passar deg. Det er viktig at du vel Voss som reisemål i registreringa, og skriv inn kva bedrift du høyrer til.

[Video som forklarar registreringa:](#)

Sak 4: Orientering frå Voss Reiselivsråd; om aktiviteten i rådet i 2024, prosessen ein har køyrd med organisasjons- og finansieringsmodell for Visit Voss, samt chartersatsing. Sjå [presentasjonen her](#).

Leiar i Reiselivsrådet (Frode Solbakk) foreslo til årsmøtet to endringar i instruksen til Reiselivsrådet:

1. Endring frå «Styringsgruppe består av 7 personar.» til «Reiselivsrådet består av 7-8 representantar»

Endringa vart einstemmig vedteke.

2. Årsmøtet ynskjer at instruksen til Reiselivsrådet skal «språkvaskast», ein ynskjer at nemninga Reiselivsråd skal nyttast og styringsgruppe strykast.

Forslaget vart einstemmig vedteke

Administrasjonen vil legge fram eit forslag til justert instruks for Reiselivsrådet, styret i Hardanger og Voss Næringshage må godkjenne den justerte instruksen.

Sak 5: Val av medlemmer til Voss Reiselivsråd.

Frå valkomiteen

Merk at Øystein Ormåsen sette fram forslag på å velgje Tord Bakke-Arvesen framfor Roger Urhaug (Vossa Jazz). I val blei desse sett opp mot kvarandre og Tord Bakke-Arvesen blei einstemmig valt.

Sjå vedlagt protokoll frå valkomiteen, vedlegg 1.

Nytt Reiselivsråd som vart vald på årsmøtet 5. mars 2025

- Frode Solbakk (Voss Active), valt for 1 nytt år
- Jonas Bauer (Voss Resort) valt for 1 nytt år (vil fråtre i Q2 2025.)
- Tor Andre Villmones (Scandic Voss) valt for 1 nytt år
- Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen) valt for 1 nytt år
- Helene Bjørnø (Norway's Best) valt for 1 nytt år
- Delphine Huet (Voss Vind) valt for 2 nye år
- Tord Bakke Arvesen (Ekstremsportveko) valt for 2 nytt år.

Valgkomite

Sigbjørn Slåtten, 1år.

Øystein Ormåsen, 2år.

Les [årsrapporten til Visit Voss 2024 her](#).

Les [handlingsplanen til Visit Voss 2025 her](#)

Innstilling til styret i Reiselivsrådet for 2025

original: Valresultat etter
årsmøtet 3.3.25
S.

Karianne Finne og Sigbjørn Slåtten har utgjort valkomiteen framfor årsmøtet 2025.

Valkomiteen si innstilling til val på årsmøtet den 5. mars 2025.

- ok • Frode Solbakk (Voss Active), valt for 1 nytt år
- ok • Jonas Bauer (Voss Resort) valt for 1 nytt år (vil fråtre i Q2 2025.)
- ok • Tor Andre Villmones (Scandic Voss) valt for 1 nytt år
- ok • Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen) valt for 1 nytt år
- ok • Helene Bjørnø (Norway´s Best) valt for 1 nytt år
- • Iselinn Tho Tønjum (Fleischer's Hotel AS) valt for 2 nye år — *ikke valbar!*
- ok • Delphine Huet (Voss Vind) valt for 2 nye år
- Nytt navn • Roger Urhaug (Voss Jazz) valt for 1 nytt år. *Tord Ex. v. klo for 2 år, Bakte - Anwesen.*

Rådet konstituerer seg sjølv.

Rådet er representert i ulike samanslutningar og organisasjonar, Til dømes Utval for besøksforvaltning i Voss Herad og Næringsrådet. Valkomiteen har ikkje teke stilling til kven som skal representere rådet i slike fora, men meiner det er eit mandat som ligg til styret i rådet å vedta.

Framlegg til valkomite for neste periode:

- ok Sigbjørn Slåtten 1 år.
- Øystein Ormåsen, 2 år.

Med venleg helsing

Valkomiteen for Reiselivsrådet 2025

Karianne Finne
Sigbjørn Slåtten

Sigbjørn Slåtten